


Utstysrliste.

- Sengetøy: sovepose og laken eller laken, putevar og dynetrekk
- Nattklede.
- Toalettsaker/handsåpe
- Handkle.
- Gummistøvlar.(viktig!)
- Joggesko eller liknande.
- Innesko.(viktig!)
- Godt regntøy.(viktig!)
- Anorakk eller varm, tett jakke.
- Tjukk genser, helst ull.
- Lue, skjerf og vottar (også vår og sommar).
- Buksebyte.
- Minst to par varme sokkar, helst ull.
- Stillongs.
- Undertøyskift.
- Strømpeskift
- **Termosflaske.**
- **Tursekk eller ransel.**
- Skrive- og teiknesaker
- Skrivebok.
- Sitteunderlag



Ta og gjerne med:

- Fotoapparat.

Merk:

Det er svært viktig å ha med varme klede om hausten og tidleg om våren. Pelsfora kjeledress er fint om du har, men ikkje kjøp for dette høvet. Regnklede må vera vasstette. Om du berre har tynt, lett regntøy bør du prøva å få låna hjå ein ven. Unngå å kjøpa nytt utstyr som du kanskje ikkje elles har bruk for!



LEIRSKULEOPPHALD 2023



UTESKULE I EIT KYSTMILJØ

Skjergardsheimen ligg ved Tjeldstø i Øygarden kommune, ca 6 mil nordvest for Bergen.

Øygardsnaturen er særeigen og mangfaldig. Hav og himmel, vind og bølger. Skifte kjem brått og ofte, frå solsteik til plaskregn, frå speilblankt hav til utemde vassmassar. Desse naturopplevingane vert ein viktig del av leirskuleopphaldet.

Skjergardsheimen gjev rike høve til variert undervisning. Gjennom ei leirskuleveke rekk vi på langt nær gjennom alt. Både årstida, vêrforholda og klassen sine interesser vil vera med på å bestemma kva ei veke skal innehalda. Under har me sett opp dei viktigaste emna me arbeider med. Dei fleste dagane vil me vera innom litt frå kvart hovudemne.

Emneliste

Fiske

Båt- og sjøvett

Friluftsliv/Klatring

Kultur før og no/besøk på oppdrettsanlegg

Livet i fjæra

Om leirskulestaden.

Leirskulen er ein tidlegare grendaskule som no er påbygd og modernisert. Hovudbygget har daglegstove/undervisningsrom, peisestove, matsal, storkjøkken, aktivitetsrom, kiosk, og tørkerom.

I soveroms fløyen er det 29 tomannsrom med dusj og toalett. Her finn ein også fleire opphaldsrom. Båtplassen til skulen ligg i ei lun vike eit lite stykke frå leirskulen. På skuleplassen er det gode tilhøve for ulike ballspel. Det er også fint turterreng i området rundt skulen. Elles er det diverse utstyr for aktivitetar inne, m.a. bordtennis, fotballspel og air-hockey.

Romplassering.

Elevane vert innkvartert på to sengersrom med eige bad og dusj. Det er mogleg å ligge tre på nokon rom.

Telefon og adresser

Telefon nr. til Skjergardsheimen er 56 38 25 10 eller mobil 95239163. E-post adressen er leirstad@skjergardsheimen.no og adressen er Sturevegen 261, 5336 Tjeldstø.

Lompepengar.

Under leirskuleopphaldet er det *ikkje* bruk for mykje lompepengar. Det er ein liten kiosk som sel brus, is, chips, sjokolade o.l., og dessutan Skjergardsheimen si t-skjorte og sydvest.

Ordensreglar

- På leirskulen hjelper alle til med at det alltid er den beste orden både inne i bygningen på leirskuleområdet elles. Alt inventar på leirskulen må handsamast varsamt.
 - Gå ikkje utanom leirskuleområdet.
 - Vis respekt for alt liv, og øydelegg ikkje med vilje noko som veks i naturen.
 - Røyking og bruk av bart lys er ikkje tillate.
 - Hald orden på rommet. Kvar morgon skal rommet ryddast.
 - Soveromma og gangen skal være et rolig sted for di som ønske det. Fellesromma passe beste til sosialt samvær.
 - Mellom rosignal og vekkesignal må alle gjera sitt beste for at det vert ro i bygningen.
 - Skulle nokon vera uheldige og gjera skade på noko som høyrer Skjergardsheimen til, må det straks meldast frå om det til ein av lærarane. Skaden må erstattast.
- Om nokon ikkje rettar seg etter desse reglane, kan dei verta viste bort frå Skjergardsheimen.

